



KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR BYKLE KOMMUNE 2020-2023



Ein god plan, er ein som vert gjennomført!



Vedteke 25.06.2020. Kommunestyresak 88/2020

Vår ref. 2019/390

1. INNLEIING/ OM PLANPROSESSEN

Plandelen i den nye plan- og bygningslova trådde i kraft 1. juli 2009. Med lovendringa vart krav om kommunal planstrategi innført som eit nytt verktøy. Formålet er å drøfte og kome fram til kva for planoppgåver kommunen bør starte opp med eller videreføre for å legge til rette for ønska utvikling i kommunen.

Planstrategien er forankra i plan- og bygningslova § 10-1. *Kommunal planstrategi* som seier:

“Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer.

Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11. “

Det vart meldt oppstart av kommunal planstrategi den 08.12.19, og regionale myndigheter, statlege myndigheter, nabokommunar og tenesteleiarane i Bykle kommune vart bede om å kome med innspel. Annonse vart også sett inn i aviser og på heimesida.

Planstrategien vert så vedteken av kommunestyret. Det vert ikkje gjennomført ei vanleg høyring, men framlegget til kommunestyret skal vere offentleg tilgjengeleg minst 30 dagar før kommunestyret si endelege handsaming.



Planstrategien har ingen rettsverknad og er ikkje formelt bindande for kommunen. Den kan reviderast etter behov innafor valperioden. Synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar har vore innhenta og saman med dei sektorvise innspela frå kommunens tenesteleiatar dannar dette grunnlaget for Bykle kommune sin planstrategi.

Nye mål og strategiar for kommunen vert ikkje vedtekne i kommunal planstrategi, men vert skildra i kommuneplanen for Bykle.

2. PLANSTATUS I BYKLE KOMMUNE

➤ Kommuneplan

- Kommuneplanens arealdel: vedteke 28.02.2019**
- **Kommuneplanens samfunnsdel: vedteke 27.09.2017**

➤ Kommunedelplanar

- **Kommunedelplan for Hovden: vedteke 27.02.14**
 - **Kommunedelplan for midtregionen: vedteke 29.04.2004**
- I kommuneplanprosessen 2018-2019 er «taket» på hytterettar oppheva.**

➤ Områdeplanar/ større reguleringsplanar

- **Bykle sentrum områderegulering: vedteke 22.06.13**
- **Reguleringsplan for Midtregionen vedteken 27.09.2007**
- **Hovden Sentrum vedteke 21.06.2018**

➤ Kommunale temaplanar

Desse er sett inn i tabell, i samsvar med innspel frå einingane og viser status og trøng for revisjon.

➤ Budsjett og økonomiplan

- **Budsjett – årleg**
- **Økonomiplan – 4 års plan**



Kommunen har i tillegg mange reguleringsplanar, einingane har også virksomheitsplanar og handlingsplanar som ikkje er tatt med i denne oversikta.

Kommunen har i sin nye kommuneplan bruk regionalplan Agder 2020 som mal med same satsingsområde , men som er lokalt tilpassa. Plan for sti- og løyper er no ein intergrert del av kommuneplanen og vart revidert 2019. Heiplanen med retningslinjer og omsynsoner er også integrert i nyleg vedteken kommuneplan.

Nasjonale forventingar - 14. mai 2019

I medhald av § 6-1 i Plan og bygningslova er det utarbeidd ”Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging”. Dokumentet syner kva ein ventar at kommunane, fylkeskommunane og staten skal legge vekt på ved planlegging.

Dokumentet er inndelt i tema som planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling, vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet,berekraftig areal og transportutvikling. Sentralt i dette dokumentet er også byar og tettstader der det er godt å bu og leve.



Regionale planar

Regionplan Agder 2030

<https://agderfk.no/vare-tjenester/regional-planlegging-og-utvikling/gjeldende-planer-og-strategier/regionplan-agder-2030/>

Regional plan for likestilling, inkludering og mangfold Agder 2015-2027



<https://agderfk.no/vare-tjenester/regional-planlegging-og-utvikling/gjeldende-planer-og-strategier/likestilling-inkludering-og-mangfold/regional-plan-for-likestilling-inkludering-og-mangfold-pa-agder-2015-2027-lim-planen/>

Regionalplan for innovasjon og berekraftig verdiskaping Agder 2015-2030

<https://agderfk.no/vare-tjenester/naring-fou-og-internasjonalt-samarbeid/planer-og-strategier/vinn-agder/>

Regional plan for vannforvaltning i vannregion Agder 2016-2021

<https://agderfk.no/vare-tjenester/regional-planlegging-og-utvikling/gjeldende-planer-og-strategier/naturressurser-og-forvaltning/regional-plan-for-vannforvaltning-i-vannregion-agder-2016-2021/>

Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heieplanen)

<https://agderfk.no/vare-tjenester/regional-planlegging-og-utvikling/gjeldende-planer-og-strategier/naturressurser-og-forvaltning/regional-plan-for-setesdal-vesthei-ryfylkeheiane-og-setesdal-austhei-heiplanen/>

Interkommunale planar

Regional utviklingsplan Setesdal 2020

Regional utviklingsplan Setesdal 2020 – Handlingsprogram 4 år.

Kompetansestrategi Setesdal 2020.

Interkommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan vedteken 2019

Felles ROS plan for Setesdal vedteken 2020

3. EVALUERING AV PLANAR

Vurderinga av planbehovet (§ 10-1 første ledd)

Kommunal planstrategi skal utformast etter behovet i den enkelte kommune. Det sentrale i paragrafen sitt første ledd er at det skal ligge ei vurdering til grunn for prioriteringane av planbehovet. Første ledd viser til at denne vurderinga bør bygge på ei drøfting av kommunen



sitt planbehov i lys av dei utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon.
Kommunen bestemmer sjølv innhaldet i vurderingane.

Vurdering av gjeldande kommuneplan for Bykle kommune, vedtatt arealdel 28.02.19

I planperioden ser ein ikkje trong for ny kommuneplan, korkje samfunnsdel og arealdel. Dette kan endre seg mot slutten av perioden, og revisjon er sett opp i 2023.

Leiargruppa har tatt opp at kommuneplanen er førande for all kommunal verksemd, og dette er lagt inn som mal i saksframlegg.

Hovden Aust vart vedteken vedteken i 2010, etter ein planprosess på mest 5 år. Det har sidan då vore mange dispensasjonar og endringar. Dette er det viktigaste utfartsområde på Hovden og ein ser det som svært viktig å ta vare på sti- og løype nettet i området. Nytt vassverk vil kreve infrastruktur som må vere førande for all anna planlegging. Det er difor sett i gong ein kommunedelplan for Hovden Aust.

Kommunedelplan for Hovden Aust vert gjennomførd.

Vurdering av andre eigne planer

Gjeldande planverk er til nytte i høve prioritering av tiltak og forankring av prosjekt i høve budsjett/økonomiplan, og i høve prosjektfinansiering med eksterne midlar/aktørar.

Arealplanar er særleg viktige i høve tiltak i medhald av plan- og bygningslova.

Både innafor verneområde og vassdragsforvalting er det nasjonale vedtak og planar som er førande for kommunen. Revisjon av vassdragskonsesjonar og forvaltingsplanar t.d. er viktige arbeidsområde for kommunen, men ikkje ført opp i planstrategien då det er andre som har «eigarskapet»/ansvaret for desse.

I høve regional planlegging er Regionplan Agder med tilhøyrande planverk, og revisjon av felles regional plan for Setesdal viktig også for Bykle.

Innanfor infrastruktur og kommunikasjon er særleg Nasjonal transportplan og handlingsprogram for riks- og fylkesvegar viktig, og at kommunen er ein aktiv part med innspel til lokale tiltak og prioriteringar. Revisjon av trafikktryggingsplan er eit underlag for dette.

Bykle kommune har tunge investeringsprosjekt føre seg. Innafor VA er desse estimert gjennom houvdplan. Ei rekke andre investeringsprosjekt kjem opp dels i kjølvatnet av plan for idrett – og friluftsliv, og som konsekvens av behov t..d innafor interkommunale samarbeid, - som utbygging av brannstasjon. Desse blir fanga opp gjennom økonomiplanen.



Kan hende den største «uplanlagte» bruken av midlar er disponering av næringsramme til ulike tilskott og støtte til lokale prosjekt. Retningsliner for disponeringar og løyvingar, og korleis ein målretter bruken av slike midlar er modent for drøfting gjennom ein eigen næringsplan. Det vil og kunne utløyse meir samhandling med regionalt næringsapparat og andre tilskottsordningar for næringlivet.

Behov for nye planar

Folketalsutvikling

Vekst i folketal er både det overordna målet og den største utfordringa. Med sentralisering og urbanisering må Bykle kommune arbeide aktivt for å vere eit synleg alternativ med andre kvaliteter og ressursar for å skape attraktivitet for busetting, etablering og gode og moderne kvardagsliv. Ein plan for omdømebygging og innsal av mogleheter for framtidige byklarar vil vere aktuelt å få laga.

Attraksjonar og opplevelingar

Bykle har ein unik natur og historie som både kan gjerast meir tilgjengeleg og nyttast i utvikling av attraksjonar og opplevelingar. Ein slik plan vil kunne samanfatte både kultur, reiseliv og arealforvalting og peike ut område for prosjekt/satsingar og prioriteringar framover. Kulturminneplan kan nyttast i eit vidare arbeid, det same kan plan for Sarvsjuvet, vasskraftmuseum og besøkstrategien til SVR.

Folkehelse

Folkehelse er eit vidt omgrep. Det handlar ikkje berre om fråver av sjukdom. Helse er også mennesket si evne til samhandling og tilpassing, deltaking og påverknad. Det handlar mykje om at mennesket kan ta ansvar for eige liv, men også om fordeling av velferd.

Kommunane har no ansvaret for folkehelse. Lov om folkhelsearbeid kom 01.01.2012, og skal minne kommunane om å tenke folkehelse i all si verksemد og i all si planlegging. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsarbeid, og det er laga ein folkehelserapport «Ein raud tråd» der ein ser på måtar å følgje opp arbeidet.

Det er viktig at kommunen følger opp arbeidet i folkehelserapporten.



Strategisk Næringsplan

Arbeidet med strategisk næringsplan er starta opp. Det overordna målet i kommuneplanen sin samfunnsdel er positiv folketalsutvikling. Folketalsutviklinga føreset vekst og etablering av nye/fleire arbeidsplassar. Reiselivet og bygg/anlegg er dei viktigaste næringane i dag. Det er ønskjeleg med meir breidde i næringslivet for å vere mindre sårbar i høve konjunkturar. Større breidde i arbeidslivet vil og gjere det meir attraktivt for busetting av folk med annan kompetanse i tillegg til at ein må følgje opp og medverke til vekst og utvikling i dei etablerte verksemndene. Næringsarbeidet må vere i tett samarbeid med aktørane lokalt og næringsapparatet regionalt.

Dette arbeidet bør organiserest og startast opp med brei planprosess/involvering i 2020.

Eigarskapsmelding – eigarskapsstrategi – organisering av kommunale verksemder

Bykle kommune er eigar og medeigar i mange verksemder. Eigarskapa har endra seg frå strategisk til meir passivt eigarskap dei seinare åra, av ulike orsakar. Kommunen har behov for ein gjennomgong av føremål, og ambisjonar for eigarskapa framover.

Arbeidet er starta og bør sluttførast i løpet av 2020.

Budsjett- årleg

I samsvar med kommunelova sine reglar skal budsjettet alltid vedtakast i balanse og synleggjere mellom anna ressursbruk og mål for aktivitet.

Årsbudsjettet er saman med økonomiplanen, den operative delen av samfunnsdelen i kommuneplanen. Her skal ein synleggjere dei ulike aktivitetane som påverkar økonomien i vår kommune.

Nytt budsjett vert lagt fram kvart år i samsvar med kommunelova.

Økonomiplan 2020-2023

Økonomiplan viser eit sett med drifts- og investeringstiltak. I samsvar med kommunelova sine reglar skal økonomiplanen alltid vedtakast i balanse og synleggjer mellom anna ressursbruk og mål for aktivitet i 2020-2023.

Økonomiplanen er saman med årsbudsjettet, den operative delen av samfunnsdelen i kommuneplanen. Her skal ein synleggjere dei ulike aktivitetane som krev ressursar frå eigen kommune.

Ny økonomiplan vert revidert årleg i samsvar med kommunelova sine reglar.



Kommunedelplan for tur- og skiløyper

Revisjon av denne er lagt inn i rullering av kommuneplanen.

Løyper som kjem i konflikt med villreinområda vert ikkje lagt inn i ordinær kommuneplanen, men nokre av desse sokast løyst gjennom eit mykje strengare regime for opning og oppkøyring gjennom prosjektet «Adaptiv løypeforvalting».



4. Kommunale planar

Tabell planstrategi for Bykle kommune 2020 – 2023

Plan	2020	2021	2022	2023	Merknad
Kommuneplanen Samfunnsdel				revisjon	
Kommuneplanen Arealdel				revisjon	
Større arealplanar:					
Kommunedelplan for Hovden Aust	Starta opp- forventa vedtak				

Mindre arealplanar:					
Reguleringsplan Hovden vassverk	Starta opp Forventa vedtak				
Områdeplan Hegni		Oppstart			
Berg bustadfelt				Oppstart	
Hovdegrend bustadfelt			Oppstart		
Hartevatn Industriområde		Oppstart			
Tykkås industriområde		Oppstart			
TEMAPLANAR:					
Kommune- direktøren:					
Eigarskapsmelding og Eigarskapsstrategi Organisering kommunale selskap	Oppstart				
Strategisk næringsplan		Vedtak			
Plan for kommunal kriseleiing(beredskaps plan)	Revisjon ferdig 2020.				
Innkjøpsstrategi	Oppstart				
Heilskapleg ROS plan (felles for kommunane i Setesdal)	Revisjon ferdig 2020				
ROS plan for eininga	oppstart				
Planavdelinga:					
Plan for idrettsanlegg, friluftsliv og kulturbygg	Vedtak i des 2020	Vedtak i des 2021	Vedtak i des 2022	Vedtak i des 2023	Viktig for tippemidlar
Sti- og løypeplan-rev	Del av kommunepla n				
Plan for opplevingar og attraksjonsutvikling					
Bykle bygdene, Fjellbygdsatsing			oppstart		
Beitebruksplan		oppstart			
Digitaliseringssstrategi Setesdal	Vedtatt 2020				



Revisjons av vassdrags-konsesjonsvilkår	pågår				
Vilt og utmarksplan			oppstart		
Parkeringsplan	oppstart				Til store arrangement
Berekraftig utvikling – strategisk plan Bykle		oppstart			
ROS-plan for eininga	oppstart				
Kommunikasjonsavdelinga:					
Kommunikasjons- og medie strategi	Vedtatt 2019				
ROS-plan for eininga	oppstart				
Kultur:					
Kulturpolitisk handlingsplan	Gjeld til 2020				Vedteke 06.06.13
Kulturminneplan-tiltaksprogram	revisjon	revisjon	revisjon	revisjon	
Barn og unges plan		oppstart			ungdomsrådet
ROS-plan for eininga					
Teknisk drift og eigedom:					
Vedlikehaldsplan for kommunale bygg	2012-2015	revisjon			årleg
Hovudplan VA	revisjon		revisjon		Frå 2017
Bustadpolitisk handlingsplan	Oppstart				
Parkering og skiltplan	Oppstart Hovden				
Energi- og klimaplan	Revisjon				Årleg energi- og klimaprogram
Vedlikehaldsplan for veg	oppstart				
Plan for Vegrønning	Oppstart				
Plan for VA-norm	2018				
VA kart digitalisering		oppstart			
Trafikksikkerhetsplan	Vedteken 2015	revisjon			
ROS-plan for eininga	oppstart				
Helse:					
Helse- og omsorgsplan		Oppstart			Kommunedel plan
Plan for helsemessig og sosial beredskap	Revisjon ferdig 2016				



Pandemiplan Smittevernplan	Revisjon ferdig 2016	revisjon			
Tuberkulosekontoll-plan	Revisjon ferdig 2016				
Ny beredskapsplan for Helsetenesta i Bykle og Valle	Oppstart				
Handlingsplan for psykisk helsearbeid	Inn i kommunepla nen				
Alkoholpolitisk handlingsplan	Vedtatt 4- årsplan des.2015				Revisjon
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	Vedtatt 4- årsplan des.2015				Revisjon
Oversikt over faktorar som påverkar folkehelsa	revisjon	Revisjon	revisjon		
ROS-plan for eininga	oppstart				
Skulane:					
Plan for spesialundervisning	Årleg rullering	Årleg rullering	Årleg rullering	Årleg rullering	
Tverrfagleg samhandlingsplan for barn og unge	Revisjon				
Plan mot mobbing (skulane)	Årleg rullering	Årleg rullering	Årleg rullering	Årleg rullering	
ROS-plan for eininga	oppstart				
Barnehagane:					
Vedtekter for kommunale barnehager	Revisjon 2017				
Barnehagepolitisk plan	2013-2015	revisjon			4-årsplan
Årsplan	revidert	revisjon	revisjon	revisjon	
Kompetanseutviklings plan -Setesdal	2019-2023			revisjon	Felles i Setesdal
Kompetanseutviklings plan	2019-2023			revisjon	
ROS-plan for eininga					
Personalavdelinga:					
Plattform for personalpolitikk	Revisjon ferdig 2019				
Delegasjonsreglement	revisjon				
ROS-plan for eininga	oppstart				



Bykle kommune
Bykle ser langt

Økonomiavdelinga:					
Budsjett	Ny plan	Ny plan	Ny plan	Ny plan	Årsplan
Økonomiplan	Ny plan	Ny plan	Ny plan	Ny plan	4-årsplan
ROS-plan for eininga	oppstart				

Behov for andre interkommunale / regionale planer (revisjon / nye planer):

Regional utviklingsplan Setesdal med tilhøyrande handlingsprogram

Eigarskapsstrategi interkommunale verksemder.

Regional reiselivsstrategi - Visit Setesdal

Riksveg 9 utbygginga – revidert konsept / framdriftplan - påverknadsarbeid